

Sauer og lam er på beite; - hugs grindene.

26.04.2017



Sauene er ute så vi må hjelpe til med å lukka grinder.

**Vi er no inne i tida der sauер og lam vert sleppt ut på beite, og då er det svært viktig at vi er nøye med å lukka grinder etter oss når vi er på tur. Opne grinder kan føra til sauere og lam på ville vegar, og det kan gje mykje ekstraarbeid for sauebøndene som har det travelt nok i tida framover.**

Den største sauabonden i bygda, Olav H. Bringedal, trur det er nok at turfolket får ei påminning om at dei må lata att grindene etter seg no når det er dyr på beite.. Han måtte seinast i går henta heim sauere og lam som var på full fart heilt ned i Kleivadalen.

- Eg trur dei gløymer å lukka grindene i rein tankaløyse. Folk har kanskje ikkje tenkt seg at tida er der for at dyra er sleppt ut enno så derfor er det viktig med ei påminning. Eg håpar at alle er flinke og hjelper oss og lukkar grindene etter seg når dei er ute på tur. Eg trur ikkje dette vert noko problem når dei vert gjort obs på det, seier sauebonden.

Ein annan ting som vi kan minna om i same slengen, er at hundeeigarar er nøye med bandtvangen. Det gjeld også på fjellturar i beiteområde i sommarhalvåret. Sjølv dei rolegaste hundar kan endra lynne når dei kjem i nærliken av sauere og lam. Medan sauebøndene sine hundar er dressert til dei beste hjelparar, kan andre hunderasar reagera heilt anngleis.



Sauebøndene sine hundar er opplærte til å vere gode hjelparar.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland  
Foto: Olav H. Bringedal